



DEN NORSKE KYRKJA

Suldal kyrkjelege fellestråd

Kyrkjerådet

Vår ref:

Dato: 4. juni 2015

HØYRINGSUTTALE: VEIVALG FOR FREMTIDIG KIRKEORDNING

Suldal kyrkjeleg fellestråd behandla saka i møte 3. juni 2015 og gav slik uttale til høyringa:

I Suldal kyrkjeleg fellestråd er det fire sokn og felles kontor/administrasjon. Suldal kommune er ein stor geografisk kommune med spreidd busetnad. Svare som er gitt i høyringa tek utgangspunkt i våre lokale forhold. Det er store forskjellar på medlemstal og geografi i dei ulike sokna rundt om i landet. Ja, dei fleste bur i byar, men der er fleire små sokn og små kommunar med store geografiske område enn store byar. Geografiske avstandar har på mange måtar mindre å seia i vårt digitaliserte samfunn, men me erfarer likevel at nærleik har mykje å seia for samarbeid og samhandling. Det er stor forskjell på å arbeida i éit stort sokn med mange medlemmer og éi kyrkje, og i grisgrendte strok der dei tilsette jobbar i fleire sokn og har mange kyrkjer å tenestegjera i. Suldal kyrkjelege fellestråd ønskjer at det i ein framtidig kyrkjeordning blir tatt omsyn til at det kyrkjelege landskapet er ulikt rundt om i landet.

1. Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?

Suldal kyrkjelege fellestråd er samd i Kyrkjerådet sitt mindretall pkt. B som seier at oppgåver og myndighetsfordeling mellom dei ulike nivå bør justerast slik at den lokale kyrkje blir styrka. Det er viktig at soknet i ein ny kyrkjeordning held fram som grunneininga i kyrkja og som ein sjølvstendig juridisk eining.

Dersom kyrkja skal finansierast gjennom kommunale løyvingar, må det vera eit felles organ på kommunenivå som kan samhandla med kommunen. Kommunereforma kan føra til at det blir færre og større kommunar og då kan dette bli naturlege einingar. For små kommunar bør det opnast for samarbeid på tvers av kommunegrenser slik at ein kan få einingar av ein viss storleik.

2. Deler høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?

Suldal kyrkjelege fellestråd er samd med Kyrkjerådet i at kyrkja også framover bør finansierast over kommunale og statlege budsjett. Dette vil vera viktig for å sikra at kyrkja er tilstades i alle lokalsamfunn.

3. Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kirke faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for?

Dersom dagens finansieringsordning fell bort, vil ei livssynsavgift vera eit alternativ. I store geografiske område med få innbyggjarar og mange kyrkjebygg vil ei medlemsavgift ikkje vera ønskeleg. Her vil utgifter pr medlem vera mykje høgare enn i tettbygde stork der det er korte avstandar og mange å dela på.

4. Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?

Den norske kyrkja har i dag to strukturar på lokalt plan. Dette krev store ressursar og bør samlast til ei felles verksemd.

5. Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?

Det er vanskeleg å talfesta ein soknestorleik då her spelar både tal innbyggjarar og geografi inn. For vårt vedkommande vil sokna vera for små (i tal medlemmer) og ha for få ressursar kvar for seg til å ta på seg f.eks arbeidsgivaransvar. Slik vi ser det vil ikkje ei samanslåing av sokn løysa desse utfordringane då eit stort sokn vil føra til stor avstand til dei lokale kyrkjene. Ei ordning tilnærma slik det er i dag med eit fellestråd for fleire sokn kan vera ei løysing.

6. Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellestråd) videreføres?

Ja. Svært mange sokn i landet har få kyrkjemedlemmer, men store geografiske avstandar. Viss ein berre skal ha eit organ for soknet må kvart sokn bli av ein viss storleik. I store deler av landet vil det seia at dei geografiske avstandane i soknet vil bli svært store og forholdet til lokalkyrkja kan bli pulverisert. Skal kyrkja vera landsdekkjande må ikkje avstanden mellom lokalkyrkja og administrasjonen bli for stor. Det må difor vera to organ for soknet: eit som er nær og har ansvar for det vesentlege: styrkja og nära det kristelege livet i soknet, og eit fellesorgan for administrasjon, økonomi, arbeidsgivar, kyrkjer og kyrkjegardar.

7. Viss ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorgan for fleire sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, for eksempel prostinivå eller bispedømmenivå?)

På kommunenivå, men med opning for samarbeid mellom fleire kommunar dersom kommunane blir for små.

8. Viss ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?

Dette vil vera ulikt etter kor store sokneråda og fellesrådet er. For vår del er det felles administrasjon for sokna og dei fleste tilsette har si teneste i fleire sokn. Det kan då vera ein fordel at fellesrådet også har eit formelt ansvar for oppgåver som blir løyst felles på tvers av soknegrenser. Dette kan vera for eksempel vera trusopplæringstiltak og konfirmantundervisning. Oppgavefordelinga mellom soknerådet og fellesrådet kan bli noko unaturleg slik det er i dag då ting heng saman og begge organa opptre på vegner av soknet.

9. Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?

Ja, alle tilsette i soknet må leggjast til same styrings- og leiingsansvar.

10. Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?

Ikkje alle sokn vil vera store nok til at det er dagleg leiar for soknet. Då bør fleire sokn ha ein felles dagleg leiar. Prestetenesta bør vera fritatt frå å vera dagleg leiar i soknet.

11. Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig krikeordning.

Suldal kyrkjelege fellesråd er samd i mindretalet i Kyrkjerådet som meiner at «biskopens tilsynsfunksjon bør utvikles og tydeliggjøres både overfor prester og andre vigslede medarbeidere, men biskopen bør ikke utøve arbeidsgiverfunksjoner overfor prestene».

Biskopen bør ha ein viktig rolle som talsmann og representant for den samla kyrkja i det enkelte bispedømme.

12. Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?

Biskopen ordinerer og vigslar til kyrkjeleg teneste.

Biskopen må kunna gi bindande pålegg.

Biskopen bør ikkje vera arbeidsgivar for nokon tenestegrupper, men ha tilsyn med alle tenestegrupper i kyrkja og med dei kyrkjelege råda.

13. Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?

Som i dag.

14. Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og kva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?

Blir arbeidsgivaransvaret for prestane lagt til prosti/fellesråd forsvinn ein stor del av dei formelle oppgåvene til bispedømmerådet, og behov for eit valt råd vil ikkje vera til stades slik som i nåverande ordning.

15. Hvilke oppgaver bør i så fall legges til bispedømmerådet?

Bispedømmerådet bør vera rådgivande organ for biskopen.

16. Bør alle ansatte ha den same arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?

Dei som arbeider i soknet bør ha felles arbeidsgivar på fellesråds-/prostinivå og vera forplikta på sokna sine mål og planar. Dei som arbeider i sentrale og regionale kyrkjelege organ bør vera tilsette i det sentrale kyrkjelege rettssubjektet.

17. I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer?

I liten grad, men det bør opnast for samarbeid mellom fellesråd dersom dei er for små.

18. I hvilken grad bør det åpnes for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?

Det er store variasjonar på storleiken på sokn både når det gjeld tal medlem og geografi. Det bør difor opnast for lokale variasjonar av arbeidsgivaransvaret.

19. Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestatjenesten og andre vigslende tjenester?

Det er utarbeidd tenesteordningar for prestatenesta og dei vigsla stillingane der dei særskilte oppgåvene er beskrivne. Det bør framleis vera sentralt vedtekne tenesteordningar for desse stillingane. Heller enn å fokusera på ulike grupper sitt særpreg bør det leggjast vekt på samhandling mellom prestateneste, andre vigsla tenester og andre kyrkjeleg tilsette slik at det kan utviklast eit arbeidsfellesskap som saman er forplikta på soknet sin strategi og arbeider mot dei måla som er nedfelt i sokna sine planar.

20. Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?

Kyrkjemøtet skal vedta kyrkja si ordningar, avgjera lærespørsmål, fastsetja og fordela økonomi.

22. Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?

Bispemøtet kan ha ei meir formell rolle og førebu saker til Kyrkjemøtet særleg i teologiske spørsmål.

23. Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av biskopene?

Biskopane bør leiast av preses.

24. Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?

Kyrkerådet bør ha representantar frå alle bispedømme og ha kompetanse i forhold til dei oppgåvene det skal ha ansvar for.

25. Bør ordningen med en egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?

Ja, som i dag.

26. Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Som i dag.

27. Har høringsinstansen synspunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?

Som i dag.

Med helsing

Anne Margrete Høie
leiar

Anne Marit Øvstebø
kyrkjeverje

